



## Notat

Dato: 25.10.2018  
Arkivsak: 2014/14561-105  
Saksbehandlar: annvabo

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling,  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Rettleiing og informasjon om planlegging av handelsareal

Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel (Senterplanen) er styrande for planlegging og utvikling av sentera i fylket. Gjennom regional føresegn for handel set planen juridisk bindande rammar for både offentlege og private aktørar.

Det er eit stort behov for informasjon og rettleiing i planprosessar, konkrete saker, om samtykkehandsaming og handelsanalysar.

Vi har utarbeida nettsider om handel og planlegging som eit tilbod til kommunar, tiltakshavarar og andre. Informasjon om Senterplanen, regional føresegn og retningslinjer, og korleis fylkeskommunen handsamar saker som gjeld handel er no samla på [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) under fana «Planlegging av handelsareal» <https://www.hordaland.no/nn-NO/plan-og-planarbeid/planlegging-av-handelsareal/> Her ligg også *Mal for handelsanalysar i Hordaland* tilgjengeleg for nedlasting.

Vi inviterer kommunane til eit heildagsseminar (plannettverk) med tema *Handel og liv i sentrum 20.* november 2018. Korleis heng handel og byliv saman, kva skjer med sentrumsbutikken i framtida og korleis kan vi samarbeide og planlegge for handel og byliv i Hordaland er problemstillingar som blir tatt opp. Innleiarar kjem frå mellom anna Virke handel, Norsk sentrumsutvikling AS og Stavanger kommune. For meir info og program: [www.hordaland.no/nn-NO/kalender/handel-og-byliv/](http://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/handel-og-byliv/)